

TAREMOTSTANDARAR

Nytt tang- og tareanlegg engasjerer på Reksteren. **NYHENDE: SIDE 2-3**

MEINER HØGRE DRIV SVERTING

Ap-politikar Magne Rommetveit kriserer lokalpolitikar Bjørn Lande. **NYHENDE: SIDE 6-7**

ORDFØRAR KRITISERER SKYSS

Kåre Martin Kleppe er kritisk til bussrutekutt på Reksteren. **NYHENDE: SIDE 8**

Tysnes

TORS DAG 7. SEPTEMBER 2017

NR. 35 - 65 ÅRG.
LAUSSAL KR. 30,-
tysnesbladet.no



Fem hundre på husflidsmesse

ØYPULS
SIDE 14-15

Ungdoms- rådet samla politikarane

NYHENDE SIDE 10-11



Ivrig poeng- samlar på sommær- trimmen

ØYPULS:
SISTASIO

Smørblid minister på Blåbærhaugen

NYHENDE: SIDE 8



FEKK EIN OPPTUR PÅ ONARHEIM: Latteren sat laust hos landbruks- og matminister Jon Georg Dale (FrP), då han tysdag denne veka fekk omvising av Gerhard Meidell Alsaker på Blåbærhaugen. (Foto: Camilla Korsnes)

LEIAR SIDE 4: – Stortingsvalet er eit viktig val, også for innbyggjarane i Tysnes. Still opp. Godt val.



DEMONSTRASJON: Egil Meland (t.h.) demonstrerer korleis ein byggjer ein færing. Her med assistanse frå Tore Økland.



TILSKODARAR: Mange var interesserte i å sjå færingen bli sett saman.



MYKJE FLOTT: Mjuke, fargerike, heimelaga vottar og huer og liknande blir nøye inspirert.



IAUGEFALLANDE: Osolvaren som ruva inne i hallen vart beundra av mange.

Eit mangfald av kreativitet på ut

Mjukt, hardt, stort eller lite? Fargerikt eller ikkje? Til pynt eller dagleg bruk? Utskjeringar eller broderingar? Gjenbruk eller laga frå botnen av? Uansett kva ein leitte etter, fann ein det hjå dei over 30 utstillarane som i helga var samla på Tysnes Husflidslag si messe i Tysneshallen.

Både utstillarar og vitjande kom langvegsfrå for å få med seg det store utvalet av husflid og anna handverk og brukskunst som var stilt ut.

– Det er eit veldig variert utval her, og eg får inntrykk av at folk er nøgde. Eg har fått høyra at utstillarane får

seld ein del, så dei er i alle fall nøgde, kunne ein smilande Liv Torunn Rekve konstatere laurdag føremiddag. Rekve er medlem i Tysnes Husflidslag, og har teke imot påmeldingar til arrangementet.

Populær duo frå Bergen

Rekve fortel at det blant utstillarane er fleire som har vore med mange gonger før, men og nokre nye. Blant dei var Anders Lillestøl Sønnesyn frå Bergen, som var med bestefaren Gunnstein Sønnesyn på messa.

– Eg er som regel med beste-far på messer, men dette er fyrste gongen me er på Tysnes, fortel Anders. Han hjelper til med betaling, og fungerer også som ryddegut.

På messa selde dei to nyttig handverk i tre, samt flotte syslag som bestemora hadde laga.

Ei som lét seg freista av sysakene, var Magni Fossåskaret Osvåg, som bur i Etne, men som på laurdag kom frå Lygrespollen i Fusa. Ho kjøpte med seg ein heil bunke med brikker til å ha på bordet, med eiga lomme til bestikket.

– Det var utruleg mykje fint her, det må eg seia, smiler ho nøgd.

Bord og kunst laga av aviser

I hjørnet ved døra inn til hallen sit Nadia Gurvin, frå Ve. Ho fortel at ho har vore med på messa på Tysnes før, men ikkje på mange år. I helga gjorde ho comeback med ei imponerende

utstilling: Broderte dåpskjolar, bunadsforkle, forseggjorde julekrybber, og ikkje minst både dokker, kunstverk, bord og ein spegel laga hovudsakleg av gamle «Tysnes»-aviser.

– Eg tenkte at det var betre å finna noko eg kunne bruka dei gamle avisene til, i staden for å berre hiva dei i peisen og brenna dei, fortel Gurvin, og forklarar korleis ho lagar så mykje forskjellig av gamle aviser.

Det er ein omstendegleg prosess, der tynne røyr av samanrulla avissider skal tilpassast slik at ein ende skal passa inni ein annan, som teltstenger. Deretter blir dei fletta saman, og av dette kan Gurvin altså laga både bord og dokker.

– Men eg har teke ein pause

frå flettinga. No broderer eg mest, medan eg prøver å få idear til kva eg kan fletta neste gong, fortel ho.

Maritimt preg

Det kanskje mest iaugefallande innslaget på messa, var osolvaren som stod inne i hallen. Det maritime temaet heldt fram laurdag med føredrag om osolvaren av Kjell Magnus Økland, og demonstrasjon av bygging av færing med Egil Meland. Leiar i Tysnes Husflidslag, Synnøve Hodneland, fortel at dei med det maritime teamet ynskde å trekkja litt fleire menn til messa.

– Husflid vert ofte forbunde med kvinner, men mennene har òg stor kompetanse innan



KREATIVT GJENBRUK: Nadia Gurvin med ein spegel som ho har laga frå gamle «Tysnes»-aviser.



FLETTA BORD: Om lag ein måned går med for å laga eit av dei fletta borda, fortel Gurvin.



HANDLAGA BORDBRIKKER: Magni Fossåskaret Osveg var stornøgd med brikkene ho fekk kjøpt hjå Anders Lillestøl Sønnesyn.



BLOMSTERKASSE: Produkta til Gunnstein Sønnesyn (i midten) var populære på messa. Her har Magnus Økland (t.v.) akkurat sikra seg ein blomsterkasse.

utstilling

handverk. Det er dessutan viktig å visa fram breidda av kunnskap og ferdigheiter som finst blant folk. Ferdigheiter som må bli lært i praksis kan lett gå tapt viss ein ikkje har eit aktivt og bevisst forhold til å halda det ved like og visa andre, seier ho, og held fram:

– Ei messe er òg ei mønstring, der ein kan bli inspirert av å sjå kva dei andre held på med. Både Kjell Magnus Økland og Egil Meland er flotte døme på folk med mykje kunnskap og gode ferdigheiter. I tillegg er dei tysnesingar, og difor var det ekstra kjekt å ha dei med på messa.

Vellukka mønstring

Totalt var om lag 500 personar innom hallen i helga, inkludert

utstillarar og husflidslaget, og særleg laurdagen var det mykje folk.

– Det er me godt nøgde med, seier Hodneland.

Ho fortel at dei har fått positive tilbakemeldingar frå både utstillarar og vitjande.

– Medlemmane i husflidslaget har det veldig kjekt saman, og under messa var det fleire som tok kontakt for å melda seg inn i laget. Sånn sett er messa òg ei mønstring av dugnadsånd og samhald, konkluderer leiaren i husflidslaget.

RANDI KLEPPE
redaksjonen@tysnesbladet.no



STORT FRAMMØTE: Mange hadde funne vegen til kulturkyrkja for å få med seg Jakob Sande-framføringa. (Foto: Olav Skjellevik)

Imponerte tilhøyrarane på Jakob Sande-kveld

Imponerende. Fantastisk flink. Kjempefint. Utruleg flink å formidla. Dei positive kommentarane frå publikum er mange etter Reidar Ådnanes si Jakob Sande-framføring i kulturkyrkja fredag kveld.

– Ja, eg var litt spent på førehand. Det var ei seriøs ramme rundt det, i regi av Kystsogeveken og i kulturkyrkja. Difor hadde eg jobba litt ekstra med det, vedgår Ådnanes i etterkant.

– Då eg kom i gang, kjende eg at det var fint, og det var mange mottakelege og merksame tilhøyrarar i kyrkja, legg han til.

Fekk publikum med seg

I over ein time heldt Ådnanes på, med dikt og synging, om og frå Jakob Sande, om livet og diktninga hans.

Ein av dei som blei imponert, var den nye leiaren i kulturkyrkja, Helge Olav Instøy.

– Han var så flink å fortelja, ikkje ein einaste stopp i den tida han heldt på, og det stort sett utanåt. Og så fekk han publikum med seg, kommenterer Instøy.

– Og så hadde han så fin flyt opp mot dei fire hovudpunkta i føredraget, «Banning og bøn, naud og nåde», legg han til.

Instøy karakteriserer føredraget som ein fin gjennomgang av Jakob Sande sitt liv, frå positive dagar til meir triste dagar.

– Det fekk Reidar Ådnanes veldig godt fram i det store spekeret som han framførte frå livet til Sande, frå «Det lyser til stille grender» til «Likfunn», seier Instøy.

Han er normalt skeptisk til munnlege framføringar i



IMPONERTE: Sokneprest Reidar Ådnanes imponerte tilhøyrarane med Jakob Sande-framføringa i kulturkyrkja fredag kveld. (Foto: Olav Skjellevik)

slike samanhengar.

– Eg er veldig godt nøgd med det eg fekk høyra. Ein del kunne eg frå før, ein del var nytt for meg, seier han, og legg til:

– Dei fleste av oss føler oss heime i Jakob Sande si folkelege diktning. Han kunne vera høgt oppe på positive dagar og langt nede på mindre gode dagar. Dette er noko som rører ved folk.

– Fantastisk flink å formidla

Full av lovord om framføringa til Reidar Ådnanes er også Heidi Hollekim.

– Eg er litt fan av Jakob Sande, og eg har alltid tenkt at Jon Eikemo var konge på framføringar av Jakob Sande. Men Reidar Ådnanes var fantastisk flink, både med kroppsspråk og måten han formidla det på. Eg var og imponert over all teksten som han hugs, kommenterer Hollekim.

Banninga tenkte ho ikkje så mykje over. Det synest ho

hadde fått for mykje omtale.

– Det var ein del av språket til Jakob Sande, og det måtte han ha med for å framheva livet til dikteren, seier ho.

Hollekim er imponert over kor mange, og spesielt menn, som fann vegen til kulturkyrkja klokka sju ein fredagskveld.

Billettseljar Kåre Martin Kleppe melder om 72 selde billetter.

Full av lovord om framføringa er også kulturkyrkje-entusiast Olav Skjellevik.

– Dette var heilt supert, men og noko uvant. Han hadde sett seg godt inn i livet til Jakob Sande, rosar Skjellevik, som også gler seg over det store frammøtet.

OLE SKATEN
ole@tysnesbladet.no

Takk

for gaver og blomstehelsinger til
min 90 års dag.
Kirsten Magnussen

Hjarteleg takk

for all deltaking, medkjensle og
blomstehelsingar ved vår kjære
mor Marta Hildegund Klette sin
bortgang.
Stor takk til pleiarar v/ Tysnes
sjukeheim

**Kjell Magne, Reidun og
Jorunn m/familier**



**JENSVOLL
BEDEHUS**

Sang- bibelkveld v/Ole Abel Sveen

Onsdag 13. sept. kl. 19.00.

Velkomen!

Arr.: Indremisjonen



ESPEGARD TRETJÆRE

Vi har farget
tretjære, linolje
og terpentin.
Se hele vårt utvalg
på espegard.no

**Naturens egen
trebehandling**



Knut redder liv

Han trenger din hjelp for å gjøre jobben sin

For bare kr 6,50 per dag blir også du en livredder. **Bli fast giver i dag og send REDD LIV til 2366 (200 kr).**
Du kan også bli fast giver ved å kontakte oss på post@rs.no eller telefon 06757. Sammen redder vi liv.

Redningsselskapet er en humanitær organisasjon. Vi redder liv
langs norskekysten i all slags vær - dag og natt. **RS.NO**



Alsaker er eit lokalt forankra havbrukskonsern med hovudkontor på Onarheim i Tysnes kommune. Me tek hand om laksen frå rogn til ferdig pakka produkt, og har lokaliteter i 13 kommunar mellom Stavanger og Bergen. Me er eitt av landets største oppdrettskonsern med, 22 matfiskkonseksjonar, 4 settefiskanlegg, slakteri, rognkjeksproduksjon og ein stor flåte av moderne servicebåtar.

Alsaker er ein del av Meidell konsern, som forutan havbruk, omfattar offshoreservice- verksemda Eide Marine Contractors, drift av egne næringsbygg samt bygde- og eigedoms- utvikling. Me har om lag 1,8 milliard NOK i omsetning og er ca. 300 tilsette i Hordaland og Rogaland. Les om oss på www.alsaker.no



Alsaker Fjordbruk AS er administrasjonsselskapet til alle selskapa i konsernet. Hovudkontoret ligg på Onarheim i Tysnes kommune, og har ein stab på 27 personar. Onarheim er lokalisert 30 min frå Leirvik og 1 time frå Os – gå inn på www.onar.no og les meir. Selskapet styrkar no staben og søker etter:

IT-konsulent

Alsaker Fjordbruk AS drifter alle konsernet sine IT-system. Me brukar m.a. Office 365, Citrix, VMware, SQL databaser og Windows serverteknologi.

Arbeidsoppgåver:

- Drift av konsernet sin serverpark
- Support og brukarstøtte
- Kommunikasjon og infrastruktur
- Installasjons- og serviceoppdrag ute på våre avdelingskontor
- Effektivisere og vidareutvikle konsernet sine dataløysingar

Kvalifikasjonar:

- Utdanning og/eller erfaring innan IT
- Serviceinnstilt
- Fleksibel og løysingsorientert

Me kan tilby deg:

- Utfordrande arbeidsoppgåver i eit triveleg og hektisk miljø
- Konkurransedyktige vilkår i eit framtidsetta konsern

Opplæring vil bli gjeven. Ein del reiseaktivitet må påreknaast.
Løn og tilfreding etter avtale. Me kan hjelpa deg å finna bustad.

For nærare opplysningar om stillinga ta kontakt med IT-ansvarleg Øyvind Hope
på tlf. 53 43 01 16 / 99 21 01 16

Registrer din søknad på www.alsaker.no

Søknadsfrist er snarast og innan 22. september 2017

Alsaker  Fjordbruk

www.alsaker.no

Sunnhordlandsbasaren

for Vbyorhjelpe 2017

Huglo skule laurdag 9. september kl. 15.00.

- Loddsal, åresal.
- Andakt v/Jostein Mulelid.
- Song av Fitjar musikklag.
- Orientering om arbeidet v/Jon Teigen.
- Mat og kaffi.

Ferje frå Hodnanes kl. 14.00 og frå Jektevik 14.25.

Alle hjarteleg velkomne.

Annonser er
sponsa av:

Alsaker  Fjordbruk

Kystkultur
tradisjon og utvikling...

Kystsoge
vekene

Siste kystsogemøte i år

Søndag 10. september kl. 15.00 på Skorpo skule.

**Historikar Birger Lindanger
held foredrag om Svartedauden på Tysnes.**

Gratis tilgjenge for alle.

Arr. Tysnes Sogelag

Stiftinga Kystsogevkene

www.kystsogevkene.no

Demens i familien?



Snakk med våre fagfolk



DEMENSLINJEN

23 12 00 40

Chat med oss på
nasjonalforeningen.no/demens



Mannadauden er tema i år

Den store mannadauden i Tysnes er temaet i år, når Tysnes sogelag komande søndag skipar til føredrag i det gamle skulehuset på Skorpo. Føredraget er som i fjor, der billetet er frå, ein del av Kystsogevekenene. I år er det historikar Birger Lindanger som kjem til Skorpo.

I 1349 seig det inn ei skute med farleg last i Bergen. På få månader spreidde Den Store Mannadauden seg langs heile kysten og nådde tidleg om hausten også Tysnes.

I føredraget får du høyra korleis han kom til Tysnes, korleis han herja her og kva verknader han fekk.

Du får også høyra om den store Barnedauden som herja ti år seinare, Drepsotta som kom ti år etter det og Storsotta femten år seinare. Gradvis blei folketalet i Tysnes pressa nedover fram til 1636.



KRABBEFEST: I to timar vart det jobba iherdig med å knusa 500 krabbeklør og reinska krabbe før den store festen laurdag kveld.



IMPONERANDE SYN: Princess-båtar til ein verdi av fleire hundre millionar kroner var i helga samla på Onarheim for det årlege hausttreffet til Princess Yachtklubb Vestlandet. (Foto: Jimmy Walther Bergetun)



IDYLL: Flotte Princess-båtar spegla seg i sjøen der dei låg rad på rad i solskinet.



KORTEIST: Tysnesingane Arild og Vibecke Gjerstad trong berre reisa frå Gjerstad til Onarheim, men det var likevel fyrste gongen dei nytta seg av hamna på Onarheim.



STRILAR: F.v. Helge Bergetun, Bjørn Kallekleiv, Rebecca Bergetun, Jimmy Walther Bergetun og Helga Bergetun tok turen frå Nordhordland, og naut sola på Onarheim på laurdag.

Dei gongene han har måtta melda avbud, har det vore vèret som har sett ein stoggar for turen.

– Det er ikkje så greitt å gå over Jæren når det er stygt vèr, seier han.

Flytande hytte

Reisa frå Rekefjord til Onarheim, som er på 120 mil, tok fem og ein halv time, og Mydland og kona var framme torsdag kveld.

– I dag har me vore på Blåbærhaugen. Det er imponerende, det Alsaker har laga til her på Onarheim, rosar han.

Den mangeårige Princess-entusiastene er no på båt nummer fire i rekkja, og lidenskapen for båtlivet er umiskjennleg.

– Båten er for oss det som hytter er for andre. Berre at me kan ta med oss hytta, og velja naboane våre, seier rogallengingen spøkefullt.

Støttar opp om det lokale

Ein annan båt, ei anna dialekt. Fem strilar – fire frå Lindås og ein frå Osterøy – sit på flybrida og nyt sola og varmen.

– Det er heilt nydeleg her! Anlegget er fantastisk fint, seier Helga Bergetun.

Saman med mannen, Helge Bergetun, sonen Jimmy Walther Bergetun, svigerdottera Rebecca Bergetun og familievenen Bjørn Kallekleiv, har ho slappa av og kost seg i hamna på Onarheim denne laurdagen.

– No ventar me på sjømatfesten seinare. Me må gje litt skryt til arrangørane, spesielt Tom Michelsen. Han er primus motor og står på, og gjer ein veldig god jobb, fortel dei.

Dei nemner spesielt at Michelsen legg vekt på å nytta seg av lokale tilbod og butikkar.

– Han var oppe og handla på Joker-butikken tidlegare, og kom ned att med to fulle trillevognar. Han er forkjempar for at me handlar lokalt, rosar dei. Og avsluttar med:

– Dette er verkeleg ein fin plass. Og me hadde ikkje funne den utan Princess-klubben.

RANDI KLEPPE
redaksjonen@tysnesbladet.no

GRATULERER



3 ÅR

Mia Kaldefoss Gjøvåg

Hipp hipp hurra for vår søte, snille, kule, flinke, glade og morsomme Mia! Du er aller aller best!

Stor bursdagsklem fra mamma og pappa



70 ÅR

Anna Presthus

Me vil gratulera vår kjære søster med 70 års-dagen den 9. september. Håper du får ein fin dag og me gleder oss til å feira deg seinare.

Helsing Leiv, Torunn, Arne, Øyvind og Olav

BRYLLAUP

Anna Margrete Huglen og Rune Hystad gifter seg laurdag 9. september kl.13.30 i Onarheim kyrkje.

Dagen vert feira på Mandelhuset.

PREIKELISTA

10.09 Ugddal kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste
v/Espedalen
Offer: Tysnes
søndagsskulelag

17.09 Tysnes kyrkje kl. 11.00
TOPP-gudsteneste
v/Espedalen
Offer: Trusopplæringa
i Tysnes

*Tysnes og
Sunnhordland
Gravferdsbyrå*
Vaktttelefon: 53 43 40 30

SØNDAGSORDET



Logisk er den fyrste reaksjonen.

Men noko er snudd opp ned i sundagen si bibelforteljing der det heiter «lik løn for ulik arbeidsinnsats», og eg kjenner det utfordrar meg. Eg kunne lett koma til å tenkje DETTE er urettferdig. Den som har stått på i tenesten i mange timar og år burde få meir løn, enn den som nyss kom om bord, den som knapt veit kva jobben går ut på. Lett finn eg tankar frå mitt eige liv som kjenner seg igjen i misnøyen frå tilhøyrarane i forteljinga.

Men ser eg nøyare etter gjer ikkje Jesus forskjell. Han held seg til avtalen! Ein avtale som overgår min forstand. Han lovar likt fordi dei tek imot, ikkje for det dei har av fartstid. Jesus gjer akkurat det han seier han skal, går mellom og opnar vegen som vart stengt p.g.a. at nokon ville vite meir, vera betre enn andre. Men det pirrar følelsane mine når eg på menneskeleg tilkortkommevis, opplever at nokon kjem så lett til det. Og eg, eg treng å verda minna om at alt ved Gud er annleis enn menneskemål, alltid større enn eg kan fatta.

Når Jesus kjem blir det som er umogleg mogleg for oss. Jesus viser Guds vilje, det er barnekår for oss alle, alle som tek imot.

Ditt og mitt liv er ikkje tilfelldige, for Gud skapar menneske. Inn i livet vever Gud sin raude tråd, den som knytter ann til begynnelsen.

Den relasjonen kan ikkje menneske gjera noko med, Adam og Eva var og etter syndefallet skapte i Guds bilete. Det blei ikkje tatt frå dei, dette kan ein ikkje fiksa på om livet har gått i stå. Sjølv om ein heile livet anstrenger seg til det ytterste er dette noko berre Gud kan. Gud gjer det gjennom sin inntreden i vår verden.

Dette er dealen; ingen for liten, ingen for stor.

Jesus sender oss ut i sin vinn-gård med eit oppdrag og det er å gjera godt, virke Guds godheit, der me lever liva våre. Og løna er lik framtid, håp og frelse.

Livsmot på Guds ord.